

Super-Marion

Få har satt større preg på utviklingen av Oppdal sentrum de siste 15 årene enn den nord-trønderske boliggründeren Stein Terje Tretli. Når flyttebilene denne uka går i skytteltrafikk med innbo til nye Nor Park, har Marion Eiendom bygd ut 142 leiligheter på 15 år. Det startet med to-etasjes leilighetsbygg langs Vikaveien i 2001, siden bygde Tretli seg nedover Vikavegen og etter hvert ble husene større og leilighetene romsligere. Så vendte Tretli blikket mot sentrumskjernen der det har kommet fire store bygg, Skifer Park starter Tretli med til våren.

LEDER



Per Roar Bekken
perroar@opp.no
Redaktør i OPP siden starten i 2002.

Tretli hadde teft, og traff markedet før noen andre fikk svingt seg rundt. Det fantes knapt leiligheter å oppdrive i ei tid da det også var manko på boliger. Men med Marion eiendom fikk unge boligetablelere et tilbud, og ikke minst flyttet mange eldre inn i Marion-leilighetene. Slik har Marion frigjort mange eneboliger som igjen har blitt hus for barnefamilier der det før satt voksne og pensjonister. Marion har på denne måten i stor grad påvirket boligstrukturen og prisutviklingen på eiendomsmarkedet i Oppdal. 142 leiligheter har gitt boliger til 200-400 oppdaling, hvor skulle de bodd uten Marion-satsingen?

Marion har med sine 142 leiligheter skapt en helt ny boligstruktur i Oppdal.

- Boplikten er noe herk, sa Tretli til OPP og trykket på for å få politikerne til å oppheve boplikten i sentrum. Han jublet da kommunestyreflertallet gjorde som Tretli ønsket. Bak lå selvsagt profitthensyn, uten boplikt kan Tretli og andre leilighetsutbyggere få flere potensielle kjøpere og dermed oppnå høyere pris. Det igjen kan føre til sosiale boligforskjeller, mindre pengesterke kjøpere må blø når prisene går opp. Dessuten er utfordringen at vi får tomme hus i midtukene. Tre av de elleve leilighetene som nå er solgt i Nor Park er kjøpt som fritidsleilighet. Bli det mørkt i hver fjerde bolig i sentrum ser det ikke lyst ut for Oppdal, eller fjellbyen som Tretli gjerne profilerer det som.

Tretli har bidratt til fortetting og sentrumsutvikling, og ikke minst lokal verdiskaping. Marion Eiendom har bygd leiligheter for en halv milliard kroner, en stor del av de pengene ligger igjen som inntekter i regnskapene til lokale håndverkere for Tretli har siden starten vært opptatt av å bruke lokale håndverkere på alt annet enn selve byggepørføringen.

De sentrumsnære Tretli-byggene har også gitt en verdi-full effekt ved at færre trenger bil for å bevege seg fra bolig til butikk og servicetilbud i sentrum. Men trenger de bil ligger parkeringskjelleren der, et krav politikerne gjerne skulle stilt også til forretningsaktører. Tørre og varme biler i et «hårråland» med vinter halve året er ikke bare komfortabelt, det gir konkurransefordeler.

Marion har med sine 142 leiligheter skapt en helt ny boligstruktur i Oppdal, for andre har også kastet seg på bølgen selv om det ikke er enkelt å konkurrere med ringreven Tretli. Når Skifer Park-utbyggingen er i gang, skal Tretli samarbeide med Coop Oppdal om et kombinerte nærings- og leilighetsbygg rett ved E6 mellom Dekkmann og Turisthotellet.

Super-Marion gir seg ikke.



Norske lokalaviser er bekymret når Posten i november overlater lørdagsdistribusjonen til selskapet Kvikkas. Foto: LLA

Levande bygder – eller svensk gläsbygd?

Til påskenummeret av OPP skreiv eg om sløkkinga av FM-bandet, og at dette var siste påska vi kunne høyre radio i til dømes Storlidalen. I siste nummer av OPP kan Øyvind Vasaasen frå NRK gledesstrålande fortelje at storlidalingane likevel vil kunne få inn DAB-nettet til NRK. Han er lite konkret, og fortel ikkje korleis og når dette skal skje, og ein kikk på dekningskaret som ligg ute på radio.no syner at fjellområda i Oppdal framleis er like kvite, og dermed utan dekning. Eg stoler difor ikkje heilt på lovnadane før eg faktisk får inn radiosignala. Og uakta om NRK fiksar litt på dekninga si der vi klagar høgast, er sløkkinga av FM-nettet neste år ein skandale der NRK, Radio Norge og P4 med uforståeleg stortingsstøtte har fått ture fram med eit kostbart og lite framtidsette prestisjeprosjekt. Og same kva NRK måtte påstå, vil dekninga vere langt dårlegare enn for FM-nettet. Det store fleirtalet av folket er i mot dette, men NRK og politikarane svarar som austeuropeiske propagandaorgan, så det ser ut til at kampen kan vere tapt. Kringkastingsrådet er kjend som det største supperådet i kongeriket, men her er det faktisk ein viktig sak dei kan ta tak i.

Medan vi i Trøndelag bur oss på at FM-bandet blir sløkt den 8. februar neste år, får vi med eitt høyre at det er andre media som kanskje «sløkker» endå tidlegare. Det store mantraet for tida er konkurranse, og alt skal konkurranseutsetjast. Det siste er postomberinga. I romanen «Leve posthornet» fortel Vigdis Hjort om korleis grasrota greidde å snu Arbeidarpartiet til å gjere vedtak mot EUs postdirektiv. Men då dei blåblå fekk makta, gjekk det ikkje lenge før vi var like lydige overfor EU som før. Postens leveringsplikt blei oppheva med Postlova i 2015. Samfunnsoppdraget er nå å tene pengar og ikkje

SETT UTENFRA

Amund Grimstad

amund@amund.info

Amund Grimstad er arkitekt og frilans kulturskribent. Bosatt i Trondheim, men har hatt hytte i Storlidalen i en årrekke.



Den tida vi hadde radiodekning nesten alle stadar og ferske aviser seks dagar i veka, ser ut til å kunne vere forbi.

å yte service til folket. Difor varsla Posten slutt på postombering på laurdagar. Stortinget har gjort vedtak om at det skulle vere unnatak av aviser. Så blei laurdagslevering av aviser sett ut på anbod i vinter. Den konkurransen tapte Posten for eit lite Ålesundsfirma med det tilittvekkjande namnet Kvikkas.no, eit firma som i fjor hadde berre ni tilsette, men rett nok med det litt meir røynde distribusjonsselskapet Norpost som underleverandør. Så syner det seg etter kvart at lovnadane om laurdagslevering ikkje var like eintydige som vi først blei fortald. Allereie 5. november, når Kvikkas overtek, er det fare for at over 60 000 lokalavisabonnentar kan miste laurdagsavisa, og det same gjeld for opptil 6 000 av abonnentane til Nationen, Vårt Land, Klassekampen og Finansavisa, og kanskje også mange regionaviser for alt eg veit. OPP er heldigvis ikkje laurdagsavis, og om dette råkar dei som abonnerer på andre aviser, og som bur utanfor Oppdal sentrum, veit eg ikkje ennå, men problemet

gjeld i alle fall ikkje for folk på Frogner eller Singsaker. Om du forstår kva eg meiner?

Som om ikkje dette var nok, kom meldinga for få dagar sia om at underleverandøren Norpost seier opp 500 tilsette, om lag halvparten av arbeidsstokken sin. Og om berre to månadar skal Kvikkas og Norpost ha ansvaret for distribusjonen av laurdagsaviser i dei mest grisgrendte stroka av landet. Den tida vi hadde radiodekning nesten alle stadar og ferske aviser seks dagar i veka, ser ut til å kunne vere forbi.

Eg har aldri trudd på konspirasjonsteoriar, og eg trur heller ikkje at det er noka samansverjing av menneske som med vond vilje vil gjere det vanskelegare og vanskelegare å bu i litt grisgrendte strok. Men det må vere lov å påpeike at effekten av å gjennomføre slike tiltak som «sløkking» av viktig mediedistribusjon, er å ta frå folk inst i fjordane og sidedalar trua på at det framleis skal vere mogeleg å leve der.

Saman med ei rekkje andre tiltak, som delar av kommunereformen, nedbygging av landforsvaret, nedlegging av skular og mye anna, er dette ein politikk for å avfolke landsbygda. Eg kørde ein gong frå Sundsvall til Storlien, tvers gjennom Sverige, den 6. juni, på den svenske flaggans dag. Det var eit skremmande syn. Eg såg knapt liv, og berre eit fåtal flagg på sjølvaste nasjonaldagen. Den svenske gläsbygden blei tømnd på 60-talet, og resultatet er sjokkerande for ein som er vand med det norske kulturlandskapet, vår fremste merkevare. Om vi framleis vil ha spreidd busetnad og levande bygder i dette landet, er det på tide å setje foten ned.

SPALTISTKORPSET



Ingeborg Donali ingedon@online.no

Odd Steinar Midtskog odd.midtskog@sentrumsutvikling.no

Lisbet Jære lisbet@jaere.no

Amund Grimstad amund@amund.info

Øyunn Viken oyunn.viken@gmail.com

Arvid Flagstad arvid.flagstad@kristiania.no

Øyvind Storli Hoel oyvindhoel@gmail.com



Delta i debatten

Innlegg til papiravisa sendes til redaksjonen@opp.no. Vi må vite innsenders navn, og vi ser helst at debattanter underskriver med fullt navn som på opp.no. Innlegg innkommet onsdag før 15.00 kan forventes på trykk i førstkommande avis.